Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Sör Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Lensvik

Emne: Beit og Brom | Bygdelag: Lensvik

Oppskr. av: Isak Selbok | Gard: Selbokken

(adresse): Selbekken | G.nr. 89 Br.nr. 2 og 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ein har også nytta beit og brom til for her i bygda. De gjengse namn var beit og ris. Ein nytta mest treslag som rogn, bjørk, osp, selje og furu.

Når ein henta slikt foremne frå skogen vart de kalla for kvist- eller risforing. Noen särskilt slede eller dragerkjelke blev ikkje nytta til dette arbeidet.

Den tid på året da ein henta beit og kvist var mest på vår= kanten; men til geitfor vart de henta heim kvist og gnagfor hele vintertiden. Det er ikkje vanleg at ein tek heim i heile ukvesta tre. Ein hogg av kvisten i skogen kjörte den heim til gnag og beit. Småskog vart tatt heim ukvesta.

Brom vart henta heim om i snölöisinga når lövskogen satte friske knopper.

1211

Reiskapen ein nytta var oks, lauvkniv eller sigd nar ein henta beit og brom.

De krytter som fik dette for var både geit, sau og kjyr. Også hester kan eta både furu- og granbar. Småfee et kvisten uhakka men til kjyr og hestar vart de mest fenhakka og blanda med anna for.

Tildels vart det også bløyta med varmt vatten straks føre det sulle etas.

Som oftest var dette foret lagt i en donge (haug) utanfor løa (fjøset) tildels også i fjøssvalê. Geitas var som regel ute en kvar dag hele vinteren og den gik da fritt i beitadongen for å gnaga der. Hvis det var lite beit på heimtunet drog de ofte på veideferd til naboerne i grenda og kunne da lett komme i skade for og overtrode de geldende fredningsbestemmelser derfor blev den også med årene mere fredløs enn de andre husdyrene

Såvidt ein veit har ikkje langfredag nogen tid nyttas til annet føringsarbeide enn de daglige stell som ikke kan opsettes til en annen dag

1211

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING